



Alver kommune Plan og byggesak
Kjartan Medaas
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9248 - 21/83605

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
09.12.2021

Uttale frå landbruksavdelinga til søknad dispensasjon og deling av bustadtomt - gbnr 349/81 lo

Saka gjeld søknad om deling og dispensasjon frå arealdelen av kommunedelplan for Meland for oppretting av ny bustadtomt. Det vert søkt om oppretting av tomt på omlag 1700m²

GBNR 349/81 er ein liten landbrukseigedom med eit samla areal på 25,2 daa. Arealet er sett av til LNF formål i kommunedelplan (KDP) for Meland. Arealet der tomten er tenkt plassert er ikkje definert som dyrka eller dyrkbar mark i gardskart og det er difor ikkje naudsynt med samtykke til omdisponering etter § 9 i jordlova. Det vil vera naudsynt å handsama søknaden etter § 12 i jordlova.

Bruket har lite areal og det vil svekka arealressursane om det vert frådelt 1,7 daa. Tomten ligg i utkanten av eigedomen og grensar til allereie frådelt tomt. Sjølvve tomte arealet er registrert som produktiv skog.

Ei førebels vurdering er at det er uheldig med ein frådelt tomt midt i eit samanhengande jord- og skogareal som strekk seg over fleire bruk. Sjølv om det tidlegare har vore frådelt mange tomter i dette området er ikkje dette eit argument for å halda fram med ein praksis som stykkar opp landbruksareala.

Landbruksavdelinga vil difor ikkje rå til at det vert gitt dispensasjon. Dersom det skulle verta gitt dispensasjon ber me om å få søknaden oversendt for jordlovshandsaming.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG